



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

17.03.2020

Vår ref:

2020/3880

Dykkar dato:

26.02.2020

Dykkar ref:

201915193

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om løyve til uttak av vatn til snøproduksjon - Blåmansvatnet, Bergen kommune

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til søknaden om vassuttak frå Blåmansvatnet til snøproduksjon ved Skomakerdiket og Brushytten.

Vi viser til oversendinga 26. februar 2020 med søknad om uttak av vatn frå Blåmansvatnet.

Om søknaden

Føremålet med tiltaket er å produsere kunstsno ved Skomakerdiket og til lysløypene ved Brushytten. Det skal etablerast eit pumpehus ved Blåmansvatnet, og vassrøyra skal leggjast i ca. 0,6 m brei grøft med god terrengtilpassing. Reguleringshøgda i Blåmansvatnet vil utgjere inntil 0,3 meter under normalvasstand. Totalt årleg vassuttak vil bli maksimalt 7000 m³ vann i perioden 1. november - 31. januar. Det er ikkje planlagt minstevassføring frå Blåmansvatnet, pga. lite felt og naturleg lågt til inga avrenning i lågvassperioder.

Vår vurdering

Føremålet med tiltaket er positivt for vintersport/-aktivitet, men det er viktig å unngå inngrep som eventuelt kan forringe andre friluftaktivitetar. Vi legg til grunn at inngrepa blir avgrensa til det som er nødvendig. Vi kjenner ikkje til viktig naturmiljø som kan bli påverka av vassuttaket eller inngrep knytt til utbygginga.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bergen kommune Postboks 7700 5020 BERGEN

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665